

Plenum i Europaparlamentet 21. – 24. oktober - Tyrkia, brexit og ikkje ny Kommisjon

Europaparlamentet møttes til plenumssesjon i Strasbourg denne veka:

- *Brei semje om å fordømme **Tyrkias operasjon** i Nord-Syria og mange ynskjer fleire sanksjonar mot landet*
- *Resolusjon som tek til orde for at europeiske land må sørge for nok **redningsbåtar i Middelhavet** og rettferdig distribusjon av dei som blir redda, vart avvist med berre to røyster*
- *Europaparlamentet vil ta seg tid til å gå grundig gjennom den nye **brexit-avtalen** og vil ikkje motsette seg utsett brexit*
- *Europaparlamentet meiner **Albania og Nord-Makedonia** kvalifiserer for opning av medlemskapsforhandlingane*
- *Europaparlamentet ynskjer ein auke i **EUs langtidsbudsjett** og ynskjer større 2020-budsjett enn medlemslanda*
- *Avrøysting om nytt kommisjonskollegium utsett og **ny Kommisjon** kjem tidlegast på plass 1. desember*
- *Forhandlingar om **taksonomi** har starta, parlamentet vil ha strengare krav til **sprøytemiddel** som kan skade bene, gir **Sakharovprisen** til uiguriske Ilham Tohti og det er fem kandidatar til stillinga som **EU-ombod**.*

Tyrkias operasjon i Nord-Syria

Tyrkias operasjon i Nord-Syria vart både drøfta i debatten om EU-toppmøter og i [ein særskilt debatt onsdag](#). Både rådspresident Donald Tusk og den finske europaministeren, Tytti Tuppurainen, fordømde operasjonen. Tuppurainen understreka at Tyrkia har teke eit stort ansvar for å løyse flyktningkrisa i Midt-Austen, men at aksjonane som nå er innleia ikkje løyser sikkerheitsutfordringane til landet. Tvert i mot gjer det ein kompleks situasjon vanskelegare å løyse. Blant parlamentarikarane var det også brei semje om å fordømme Tyrkias aksjonar og det vart vist til at både Syria, Russland, Iran og IS har kome stryka ut. Mange etterlyste meir omfattande sanksjonar mot landet inkludert full stans i våpeneksport. Stans i budsjettstøtte, målretta sanksjonar og i siste konsekvens suspensjon av tollunionen var forselått. Både det finske formannskapet og parlamentarikarane understreka behovet for å etterforske og straffe krigsbrot. Det vart vist til at alle forsøk på å endre den demografiske samansetninga i Nord-Syria er i strid med folkeretten. Fleire tok til orde for ein internasjonal sikkerheitssone i området.

Ytre høgre bad også om at medlemskapsforhandlingane med Tyrkia som er suspendert, blir formelt stansa. Kulturelt og historisk er ikkje Tyrkia eit europeisk land og har ikkje noko i EU å gjere vart det sagt. Den grønne gruppa understreka at resolusjonen og tiltaka var retta mot den tyrkiske regjeringa og at målet var å sikre at Tyrkia utviklar seg som eit europeisk land og i demokratisk retning. Samstundes tok gruppa til orde for at europeiske land må hente heim eigne borgarar som har støtta IS og eventuelt rettsforfølge dei i heimlandet. Gruppa tok også til orde for å hente heim barn frå området og sa europeiske land ikkje kan returnere flyktningar til Tyrkia så lengje det er fare for deportasjon til Syria. Den konservative gruppa siterte NATOs generalsekretær Jens Stoltenberg om at Tyrkia har legitime sikkerheitsutfordringar, men må vise atterhald.

Ein [resolusjon som sterkt fordømmer intervensjonen](#) vart vedteke med handsopprekning torsdag.

Leiar i utanrikskomiteen i Europaparlamentet, David McAllister (EPP, Tyskland) har saman med leiaren i utanrikskomiteen i representanthuset i USA og leiarane av utanrikskomiteane i det britiske, franske og tyske parlamentet fordømt invasjonen i Tyrkia i [eit felles brev](#).

Leite- og redningsaksjonar i Middelhavet

Med 290 mot 288 røyster og 36 fråhaldande aviste Europaparlamentet ein resolusjon om søke- og redningsoperasjonar i Middelhavet. [Utkastet til resolusjon](#) som vart vedteke i justis-, innanriks- og borgarrettskomiteen (LIBE) måndag, tok orde for at medlemslanda må ha tilstrekkeleg med båtar, leite og redningsutstyr i Middelhavet og få assistanse frå ikkje-statlege organisasjonar. Den gjekk også inn for lovlege og trygge migrasjonsruter til Europa og bad medlemslanda om å etablere ein rettferdig og berekraftig mekanisme for distribuering av dei som blir redda i Middelhavet. Medan sentrum venstre (S&D) og Dei grønne støtta resolusjonen, var spesielt sentrum høgre (EPP) og dei konservative (ECR) i mot. Den liberale gruppa (Renew) la i debatten mellom anna vekt på ein betre fordelingsmekanisme for migrantar som blir redda.

Brexit

Europaparlamentet har fått den nye brexit-avtalen til behandling, men vil ikkje votere over den før den er ratifisert av både Underhuset og Overhuset i det britiske parlamentet. Dette var eit klart budskap frå eit breitt fleirtal av dei politiske gruppene i Europaparlamentet. Konstitusjonskomiteen har starta gjennomgangen av den nye avtalen, men fleire understreka at det ikkje er aktuelt å hastebehandle avtalen utan reell teknisk og politisk gjennomgang. Dersom avtalen skulle ha blitt godkjent i London denne veka opna likevel gruppene for å halde ein ekstraordinær sesjon i den elles møtefrie veka neste veke. Dette er nå ikkje aktuelt. Europaparlamentet vil støtte ei utsetting av brexit. Fleire sa at dersom det britiske parlamentet ikkje kan samle seg om eit vedtak, er ei ny folkeavrøysting det einaste alternativet.

Europaparlamentet vedtok elles ei rekke [tiltak som skal tre i kraft i fall Storbritannia går ut av EU utan ein avtale](#). Dei sikrar mellom anna at britiske forskarar, studentar og bønder kan få EU-støtte også i 2020. Det er også lagt opp til at Storbritannia i 2020 skal ha tilgang til EUs solidaritetsfond og det er vedteke ordningar som sikrar gjensidig lisensar til fiske i EU og Storbritannia ut 2020. Utbetalingane er likevel basert på at Storbritannia held fram med å betale sin medlemskapskontingent og aksepterer kontroll og revisjon av pengane som i dag.

Det europeiske råds nei til Albania og Nord-Makedonia

I debatten om [Det europeiske råd 17. og 18. oktober](#) var det mange som var kritiske til at det ikkje hadde vorte semje om å starte medlemskapsforhandlingar med Albania og Nord-Makedonia. Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker og rådspresident Donald Tusk gjentok at dette var eit historisk feilgrep. Tusk vona dette kunne bli retta opp før det planlagde Balkantoppmøtet under det kroatiske formannskapet våren 2020. Dei to fekk støtte frå dei fleste politiske gruppene der både sentrum høgre (EPP), sentrum venstre (S&D), dei liberale (Renew), Dei grønne og ytre venstre (GUE/NGL) ynskjer å opne medlemskapsforhandlingar. Spesielt vart det lagt merke til at leiaren i Renew (der Macrons parti er med) ikkje støtta Macrons som på toppmøtet gjekk i mot å opne forhandlingar. Den konservative gruppa (ECR) og ytre høgre (ID) kommenterte ikkje spørsmålet om Albania og Nord-Makedonia i debatten om resultata frå Det europeiske råd. [Med 412 mot 136 røyster og 30 fråhaldande vedtok Parlamentet vedtok torsdag ein resolusjon](#) som understrekar at begge landa oppfyller krava for at det kan opnast forhandlingar.

EUs langtidsbudsjett og budsjettet for 2020

Mange av dei politiske gruppene sa seg lei for at EUs stats- og regjeringssjefar ikkje hadde klart å kome nærare semje om eit nytt langtidsbudsjett på sitt møte førre veke. Samstundes gjentok mange at det er nødvendig med eit ambisiøst langtidsbudsjett som både kan vidareføre viktig, eksisterande politikk og gje rom for nye prioriteringar. Europaparlamentet ynskjer større såkalla eigne inntekter til budsjettet, dvs. at (deler av) inntektene frå t.d. karbonavgifter eller skatt på finanstransaksjonar går direkte inn i EUs budsjett. Fleire avviste kompromissframlegget som det finske EU-formannskapet har lagt fram i Rådet. Finland har gjort framlegg om at EUs budsjett blir maksimalt 1,03 – 1,08 prosent av samla brutto nasjonalinntekt (BNI) i EU. Europaparlamentet ynskjer det skal vere på 1,3 prosent av BNI. Kommisjonspresident Juncker understreka sa hans opphavlege budsjettframlegg er eit absolutt minimum og at det er viktig med eit raskt vedtak.

[Samstundes tok Europaparlamentet til orde for ei styrking av 2020-budsjettet](#) mellom anna knytt til utdanning, migrasjon og ikkje minst klimatiltak. Dette er ein indikasjon på våre prioriteringar også for langtidsbudsjettet sa leiaren for S&D-gruppa, Iratxe García Pérez. På toppmøte førre veke støtta ikkje EUs stats- og regjeringssjefar ein auke. Det er derfor stor avstand når Europaparlamentet og medlemslanda i Rådet møtes til forhandlingar om den endelege storleiken på 2020-budsjettet i november.

Avskjed med Juncker – uvisst når ny Europakommisjon vil ta over

Jamvel om det er usikkert når den nye Europakommisjonen vil ta over, var det tysdag ein [avskjedsdebatt](#) om kva som er oppnådd i den femårsperioden som går mot slutten. Juncker fekk mange godord for innsatsen, spesielt knytt til finanskrisa og migrasjonskrisa. Samstundes kom det kritikk om at det hadde skjedd for lite for å takle klimakrisa. Juncker sjølv sa seg lei for manglande framgang i å fullføre bankunionen, men sa også at den største suksessen at det stadig er fred i Europa. I sine ulike roller har Juncker delteke på 147 møter i det europeisk råd. Han vil halde fram som Kommisjonspresident fram til Ursula von der Leyen tek over.

Europaparlamentet har avviste dei franske, rumenske og ungarske kommissærkandidatane. Dermed vart den planlagde avrøystinga denne veka som skulle godkjenne det nye kommisjonsskollegiet, utsett. Torsdag vart det kjent at Frankrikes nye kandidat er Thierry Breton som har vore økonomi-, finans- og industriminister og har i tillegg bakgrunn frå privat sektor. Ungarn og har også fremja ein ny kandidat, men regjeringsskrisa i Romania har gjort prosessen med å velje den endelege kandidaten derfrå vanskeleg. Uansett må dei nye kandidatane få tid til å sette seg inn i sine porteføljar og gjennomgå høyringar i Europaparlamentet. Det blir ikkje avrøysting i Europaparlamentet om ny Europakommisjon før tidlegast i slutten av november og ny Europakommisjon vil derfor tidlegast ta over kontora i Berlaymont-bygningen 1. desember. Enkelte trur det ikkje vil skje før 1. januar 2020.

Strengare tiltak mot sprøytemiddel som kan skade biene

Med eit overveldande fleirtal på 555 mot 67 og 100 fråhaldande, vedtok [Europaparlamentet onsdag ein resolusjon](#) som tek til orde for strengare godkjenningsordningar for sprøytemiddel som kan medføre ein risiko for biene. Resolusjonen ber mellom anna Europakommisjonen kome med lovgjeving som avviser sprøytemiddel som er spesielt farleg for bier.

Taksonomi – rammeverk for berekraftige investeringar

Europaparlamentets miljøkomité ga måndag klarsignal til å starte forhandlingar med Rådet om den såkalla taksonomiforordninga. Den skal gje eit rammeverk for berekraftige investeringar. Det fyrste forhandlingsmøtet fann stad i Strasbourg alt onsdag. Det er fleire vanskeleg spørsmål i forhandlingane, inkludert om kjernekraft kan reknast som ei lavkarbon, energikjelde, om Rådet skal

få fullmakt til å gje utfyllande reglar seinare og verkeområdet til forordninga. Neste forhandlingsmøte er 6. november.

Sakharov-prisen.

Det uiguriske økonomen og menneskerettsaktivisten Ilham Tohti vart [torsdag tildelt Sakharov-prisen for 2019](#). Han vil få prisen under ein seremoni i Europaparlamentet i desember.

Fem kandidatar til å bli nytt EU-ombod

[Det er nominert fem kandidatar til å bli nytt EU-ombod](#). Dette omfattar nåverande ombod Emily O'Reilly, men også den tidlegare svenske europaparlamentarikaren Cecilia Wikström og tidlegare kommissær for europeiske menneskerettar Nils Muižnieks. Ombodet har ansvar for å granske feil i administrasjon til EUs institusjonar eller byrå og kan ta opp saker på eige initiativ eller etter klager frå innbyggjarane. Europaparlamentet vil velje nytt ombod i desember. Det vart elles lagt merke til at Wikström tidlegare i år røysta for ein resolusjon i Europaparlamentet som tok til orde for at EU-ombodet ikkje burde ha vore medlem av nasjonale regjeringar eller EUs institusjonar dei siste tre åra.

Kommentar

Denne sesjonen var prega av at det ikkje vart avrøysting om det nye kommisjonskollegiet og heller ikkje om brexit-avtalen. At Kommisjonen ikkje er på plass betyr også at det er få nye politiske initiativ og lovsaker å drøfte. Samla var derfor romsleg med tid til politiske debattar. Til dømes var det sett av uvanleg lang tid til debatten om den tyrkiske operasjonen i Nord-Syria sjølv om det langt på veg var semje om haldninga til Tyrkia. Det er over 60 prosent nye medlemmer i det nye Europaparlamentet. Mange er ivrige etter å kome skikkeleg i gang. Det er Europaparlamentet som har vendt tommelen ned for tre av kommissærkandidatane og dermed har skuld i at den nye Kommisjonen ikkje kan ta over 1. november som planlagt. Likevel vonar nok likevel mange at Kommisjonen snart er på plass slik at den meir ordinære verksemda kan starte.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no